

Fra: Bent Gunnar Næss
Sendt: 2. oktober 2014 13:58
Til: Postmottak Meland
Kopi: Ingvild Hjelmtveit; Marie Morken (marie.morken@ub.uib.no)
Emne: Kontrollutvalet - oppfølging av sak
Vedlegg: purrebrev fra fylkesmann til meland kommune 12122013.pdf; purrebrev fra fylkesm til meland 26022014.pdf

Kontrollutvalet handsama følgjande sak (25/14) i møte 25.09.14

25/14 Brev til kontrollutvalet frå Helga M.V Lilleskare og Knut A. Lilleskare 09.09.14

Lilleskare ber i brev 09.09.14 om at kontrollutvalet ser på om kommunestyrevedtak 16.06.10 er fulgt opp.

Kontrollutvalet mottok også eit brev frå Lilleskare 27.11.12 som vart handsama av kontrollutvalet i sak 06/13. Kontrollutvalet gjorde 04.02.13 da følgjande vedtak.

Vedtak mot ei røyst – Asbjørn Larsen (sak 06/13):

Kontrollutvalet vurderer det slik at kommunestyret sitt vedtak i sak 047/10 er følgt opp av Askøy kommune etter fullmakt frå Meland kommunestyre.

Kontrollutvalet kan heller ikkje sjå at kontaktperson til Meland kommune har gitt nokon feilaktig informasjon til Askøy kommune, med bakgrunn i den skriftelege korrespondansen som har vore mellom Askøy og Meland kommune i denne saka.

Kontrollutvalet kan ikkje sjå at der er noko nytt i brevet som er datert 09.09.14.

I brevet frå Lilleskare 09.09.14 står der følgjande:

Avdelingen har også mottatt 2 stk purringer fra Fylkesmannen om å behandle saken etter § 32 i plbl. Dette er heller ikke fulgt opp.

Vedtak mot ei røyst – Asbjørn Larsen:

Kontrollutvalet viser til kontrollutvalet sitt vedtak i sak 06/13. Kontrollutvalet ber om at sekretariatet undersøker om to stk purringer frå Fylkesmannen som vist til i brev frå Lilleskare var kjent ved førre handsaming av saka.

Dersom det er nye opplysningar i saka som ikkje var kjent for kontrollutvalet ved handsaming av sak 06/13 i møte 04.02.13 så vert saka tatt opp til handsaming i neste møte.

Etter det møte har sekretariatet for kontrollutvalet motteke epost frå Lilleskare 27.09.14 med kopi av to brev frå Fylkesmannen til Meland kommune, datert 12.12.13 og 26.02.14.

Ber om at kommunen lagar ein uttale til kontrollutvalet som gjer greie for korleis breva frå fylkesmannen er følgt opp og status i saka.

Neste møte i kontrollutvalet er fredag 28. november så ber om å få eit svar innan måndag 3. november.

Med venleg helsing

Bent Gunnar Næss

Sekretariatsleiar

Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Tlf mobil 48 12 46 23

Epost: bent.gunnar.naess@nordhordland.net

www.nordhordland.net